



- eit fyrtårn i vest

Dette skjedde 1. halvår 2023



Her kan du lesa om litt av det som har skjedd i Øygarden kommune det første halvåret 2023

Tekst og redigering: Vigeik Brekke

Foto: Kjell Andersland, Monica Hovland, Torill Selsvold Nyborg, Odd Erik Kjeldstad, Silvia Haugland, Jenny Heggvik, NRK (skjermdump) og Vigeik Brekke

WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO

Januar

Vil redusera klimaavtrykket på mat



I to veker i januar skulle all mat som vart kasta i to avdelingar på Fjell sjukeheim registrerast. I løpet av første kvartal i år skulle det gjennomførast tilsvarande kartlegging i fem andre institusjonar i Øygarden i tillegg til tilsettkantiner.

Biletet viser medarbeidarar på kjøkenet på Fjell sjukeheim som var klare for å delta i prosjektet. Frå venstre; lærling Martin Andreas Albertsen, kokk Stine Elise Iversen og kjøkensjef Hilde Landro.

«Alle» var der

Folk gjekk i kø for å koma seg ut til den nye dagsturhytta på Rambogen sørvest på Blomøyna 14. januar. Dette var dagen då den nye hytta skulle offisielt opnast. Namnet på den nye hytta vart også offentleggjort denne dagen; Rambua. Frå før har Øygarden dagsturhytte langs Kyrkjevegen mellom Foldnes kyrkje og Hjelteryggen (Larslia). Seinare kjem det dagsturhytte på Veten sør i kommunen.



Spreke Bergljot passerte 100



20. januar besøkte ordførar Tom Georg Indrevik ei kvinne som var ekstra sprek som 100-åring. Det var dekt til fest då Bergljot Karen Holmgren fekk besøk av ordføraren i heimen sin. På sjølve dagen, torsdag 19. januar, var rundt 50 personar innom på visitten. Bergljot Karen Holmgren bur på Fjell gard, men har hatt ei lang reise frå oppveksten i Fana, via Oslo og Hammerfest før ho og mannen Karl slo seg ned i gamle Fjell kommune

Fest frå start til mål

I utgangspunktet var samlinga 26. januar ein elev- og foreldrekveld på Øygarden ungdomsskule. Dette også var ei markering av at skulen er 25 år. Elevane gav ein to timar lang festkveld for fleire hundre elevar og foreldre i Hjeltefjorden Arena. Kvelden var fylt med ei rekkje elevinnslag og talar. Ordførar Tom Georg Indrevik viste til at han som ungdomsskuleelev var mest oppteken av å snakka.



Starta sprengingsarbeid i Knarrvika



Anleggsarbeidet på Sotrasambandet er i gang. I januar var det oppstart av sprengingsarbeid i Knarrvika for å laga tilkomstveg til kammeret der kablane til den nye brua skal forankrast. I januar var det også oppstart av arbeidet med å laga tunnelportalen på Kolltveit. - Dette er historisk. Endeleg ser vi at det fysiske arbeidet er i gang. Eg vil retta ein stor takk til alle som gjennom mange år har jobba fram mot dette, sa ordførar Tom Georg Indrevik.

Februar

Lærerikt besøk



- Øygarden jobbar med koordinering av tenester og aktivisering av innbyggjarane i eit godt og viktig samarbeid med frivillige og private aktørar. Det sa leiar i helse- og omsorgskomiteen på Stortinget Tone Wilhelmsen Trøen (H) etter besøk i kommunen 6. mars.

Biletet viser frå venstre; einingsleiar Øygarden lokalmedisinske senter, Tonje Tangen Alvsvåg, Tone Wilhelmsen Trøen og ordførar Tom Georg Indrevik under orienteringa på dialyseavdelinga.

Kongens fortienstmedalje til Kenneth Bruvik

Kenneth Bruvik vart tildelt Kongens fortienstmedalje under eit arrangement 22. februar. Medaljemottakaren vert seinare invitert til mottaking på Slottet. Kenneth Bruvik får medaljen for hans særlege samfunnsnyttige innsats innanfor sosialt arbeid og berekraftig miljø. Bruvik (56) er tilsett som instruktør i Norges Jeger og Fiskerforbund Hordaland. Han er busett i Bergen, men er vaksen opp og har hatt det meste av engasjementet sitt i Øygarden.



Startar arbeidet med ny ungdomsskule på Bildøyna



Kommunestyret vedtok 16. februar å starta arbeidet med parallell plan og skisseprosjektering av ny ungdomsskule på Bildøy. Investeringsmidlar vert omdisponerte frå rehabilitering Fjell ungdomsskule til nybygg ny ungdomsskule. Administrasjonen skal også arbeida vidare med ei skisse for skule på vestsida til det ligg føre ein investeringsplan som viser mogleg realisering av prosjektet.

- Her går det så det susar

Statsforvaltar Liv Signe Navarsete besøkte 17. februar kommuneleiinga i Øygarden for første gong sidan ho tok over som statsforvaltar i Vestland i september i fjor.

- Dette var eit utruleg interessant møte, seier Navarsete etter eit knapt tre timar langt møte på rådhuset.



45,6 millionar i pluss i 2022



Øygarden kommune hadde eit netto driftsresultat på 45,6 millionar kroner i 2022. Det er ei resultatforbetring på 55 millionar kroner i forhold til 2021 då kommunen hadde eit negativt netto driftsresultat på 10 millionar kroner.

- Etter to år med minus for den nye kommunen, gler vi oss over eit godt resultat for 2022, sa kommunedirektør Johnny Breivik då rekneskapa vart offentleg.

Solidaritetsmarkering for Ukraina

Den 24. februar hadde Ukraina vore i full krig i eitt år. Dagen vart minna med ei solidaritetsmarkering for Ukraina i innbyggartorget og biblioteket. Biletet viser Sofija Jacobs, elev på Danielsen, som framførte ein populær ukrainsk song. Her står ho saman med ordførar Tom Georg Indrevik.



Mars

Slik kan det bli på Straume




Den 8. mars to arkitektteam moglege framtidsbilete for Stovevatnet og Straume.

- Målet er å laga framtidas velferdssamfunn. Det krev at det offentlege, privat sektor og det sivile samfunnet inngår i nye alliansar, sa Johannes Pedersen i det eine arkitektteamet; Nord Architecture. Det er særleg den framtidige bruken av arealet mellom rådhuset og Sartor Storsenter som parallelloppdraget handlar om. På biletet viser Pedersen i Nord Architecture ved deira skisse for området.

Besøk av barne- og familieministeren

Barne- og familieminister Kjersti Toppe besøkte Øygarden 9. mars. Ho møtte leiinga i Den norske kyrkja i Øygarden og representantar frå kommunen. Statsråden hadde også møte med barneverntenesta og Home Start (KFUK/KFUM).



Tednebakkane omsorgssenter runda 20 år



Den 10. mars var det fest på Tednebakkane omsorgssenter på Rong. Bebuarar, brukarar på dagavdelinga, tilsette og gjester kasta glans over senteret som hadde runda 20 år. Jubileet vart markert med arrangement og aktivitetar fleire dagar den veka. Bilete frå venstre; ordførar Tom Georg Indrevik, einingsleiar Britt Pedersen, tidlegare einingsleiar Britt Jorunn Landro og leiar i utval for tenester og levekår, Jan Utkilen.

Prisdrøys på galla

Det vart delt ut mange prisar på kultur- og idrettsgallaen 10. mars. Trygve Fjeldstad fekk kulturprisen.

Historisk dag for Sotrasambandet

I ausande regnvér vart det 22. mars formelt markert oppstart på bygging av Sotrasambandet. Samferdsleminister Jon-Ivar Nygård (Ap) sa at dette sambandet verkeleg vil gjera det lettare å koma fram.

- Dette vil bringa Bergen nærare Øygarden, sa ordførar Tom Georg Indrevik.



Brannvernmarkeringar



- Dette vert ein vinn-vinn-situasjon. Det sa brann- og redningssjef Bjørn Olav Paulsen etter at ordførar Tom Georg Indrevik og leiar for Equinor Kollsnes & Sture, Bjarte Padøy, 31. mars undertekna ein brannvernavtale mellom kommunen og Equinor. Dagen etter vart



Øygarden brann og redning som kommunalt føretak avvikla. No er brannvernet organisert under kommunalsjefområdet Organisasjon og samfunnssikkerheit.

April

Åtte bebuarar evakuert etter brann i Sundheimen



Litt før klokka eitt natt til Skjærtorsdag vart det meldt om brann i eit avdelingskjøken i Sundheimen i Skogsskiftet. Tre tilsette vart innlagt på sjukehus til observasjon, medan åtte bebuarar måtte evakuerast til eit fellesrom i ei anna avdeling i sjukeheimen.

- Eg vil takka dei tilsette for ein formidabel innsats etter at dei oppdaga brannen. Dette kunne gått langt verre utan denne innsatsen, sa ordførar

Tom Georg Indrevik.

Forlik i forsikringssak etter KOFA-gebyr

I april inngjekk Øygarden kommune forlik med forsikringsselskapet CNA/Hardy og fekk eit forsikringsoppgjær på 7,8 millionar kroner. Dette utgjer om lag 95 prosent av kravet. Bakgrunnen for forliket er at Øygarden kommune i november 2021 og februar 2022 vart ilagt gebyr for brot på regelverket for offentlege anskaffingar.

Geitvika friluftsområde offisielt opna

Geitvika friluftsområde på sørre Straume hadde ein fin dag sudag 23. april, då det var offisiell opning. Været la om i siste liten. Ikkje ein regndrope, og sola gløtta på alle dei rundt om 140 framsmøtte. Store og små kunne gle seg over eit flott anlegg.



Sjef for Oppvekst



I april vart Marius Flesland Sylta (36) tilsett som kommunalsjef for Oppvekst. Han er utdanna jurist og har leiarerfaring frå NAV og som stabsleiar for innkjøp og prosjekt i kommunen. I ein periode før tilsetjinga var han konstituert i stillinga som kommunalsjef for Oppvekst.

Jubilerte for Nordsjøfartmuseet

Rundt 90 inviterte gjester deltok på 25-årsjubileet for Nordsjøfartmuseet i april. Jubileumsdagen vart markert 26. april. Dagen etter var det konsert med Real Ones. Biletet viser nokre av gjestene på jubileet. Frå venstre; Jim Young (Shetland Bus Friendship Society), Tom Georg Indrevik (ordførar) Jenny Heggvik (leiar Nordsjøfartmuseet), Øyvind Stang (direktør Museum vest) Charles Grant (Shetland Bus Friendship Society/Scalloeay Museum) og Natalia Golis (fylkesvaraordførar).



61 millionar i utbytte frå Eviny



Øygarden kommune fekk 61 millionar kroner i utbytte frå Eviny for 2022. Ei eigarane får totalt 1,8 milliardar kroner i utbytte frå kraftselskapet. Årsresultatet for 2022 vart 1,33 milliardar kroner. Dette er 516 millionar kroner meir enn året før.

- Det er positivt at vi får vesentleg meir enn budsjettet, men utbyttet dekkjer på ingen måte dei ekstra utgiftene kommunen har hatt som ein følge av dei høge straumprisane, sa ordførar Tom Georg Indrevik.

Mai

Hundrevis deltok i opninga av undergang



Elevar og tilsette på Danielsen barne- og ungdomsskule, barn frå Løveparken barnehage, gjester og andre interesserte fylte opp heile området framfor undergangen/kulverten i Idrettsvegen under den offisielle opninga 3. mai. Dette vart ein festdag i strålende sol. 3. mai var også oppstart av Sykle til jobben. - Vi fekk heldigvis inn dette prosjektet som ein del av Miljøløftet. Danielsen er litt av årsaka til at vi står her i dag. Skulen har kjempa for denne kulverten, sa ordførar Tom Geor Indrevik som minna om at dette var det første fullførte Miljøløftet-prosjektet i Øygarden.

Christian Alsaker vart einingsleiar for eigedom

Tidleg i mai vart Christian Alsaker tilsett som einingsleiar for eigedom. Han har vore konstituert i stillinga sidan første januar. Christian Alsaker seier at han er takksam for å ha fått tilliten og ser fram til å samarbeida med gode kollegaer og samarbeidspartnarar eksternt.

- I tida som konstituert leiar har eg blitt godt kjent med oppgåvene som ligg under eigedom. Vi har mange utfordringar eg ser fram til å ta fatt i, sa han.

To lærarar på Ågotnes skule er nominert til Årets lærar

Klasse 5a og 5b på Ågotnes skule feira ein 50-årsdag. Men det vart noko heilt anna enn det lærarane og elevane hadde aning om. Rektor Tore Foldnes opna døra til klasserommet og presenterte bokstaveleg talt ein supernyheit.

- Hei alle saman. Eg har ei ny overrasking. Det er at Åse og Anja er nominert i NRK Super si kåring av Årets lærar, sa rektoren til full jubel.



Feira nytt stadion med siger



Mange hadde funne vegen til idrettsparken på Straume då det var offisiell opning av den nye kunstgrasbanen like ved Sotra Arena 28. mai. - Sotra Sportsklubb har arbeidd iherdig for å betra tilhøva til dei aktive. Eg vil gje stor honnør til dei for visjonen og stå-på-kraft, sa varaordførar Torill

Selsvold Nyborg. På biletet; Trond Mohn og varaordføraren.

Mattemaraton: Tjeldstø nestbest i landet

Den 1. juni vart det kjent at Tjeldstø skule vart beste skule i Øygarden, beste skule i Vestland fylke og nestbest i landet i Mattemaraton.

- Det er første gong at skulen har jobba så målretta og samla i Mattemaraton som dette året, sa avdelingsleiar på Tjeldstø skule, Elisabeth Gravem Sanden. Blant deltakarane i Øygarden kom Bjorøy skule på andreplass, medan Toftøy skule vart nummer tre. Bjorøy og Toftøy skular har også andre og tredjeplass i fylket. Skogsvåg var også inne på 10 på topp-lista i fylket på ein sjuandeplass. Nasjonalt kom Bjorøy på fjerde plass.



Juni

Knappskog nye skule 25 år



Sola strålte og flagget til topps fredag den 2. juni: Knappskog nye skule feira 25-årsjubileum! I 1998 kunne elevane i 5., 6. og 7. klasse flytta opp frå gamleskulen til den nye. Gymnastikksalen stod ferdig i 2008, og siste byggetrinn stod ferdig i 2009. Varaordførar Torill Selsvold Nyborg helste frå kommunen.

Avduka Biepaviljongen

Den 10. juni var det offisiell avduking av kunstverket «Biepaviljongen», laga av Ann Kristine Aanonsen. Biepaviljongen er eit kunstverk der ein kan observera honningbier og villbier på nært hald.

Overrekte branntilhengjaren til Øygarden brann og redning

I midten av juni kunne endeleg Olav Hauge få presentert draumen sin om å få overlevert ein branntilhengjar fullasta med mobilt brannvernustyr til Øygarden brann og redning.

- Vi har samla inn 658 tusen kroner frå næringslivet, og dermed fullfinansiert prosjektet. Kjem det inn meir pengar, går det rett inn i prosjektet, sa Hauge.



Minikranselag med is og pølser på Kolltveit skule



Det var fest på Kolltveit skule både for elevane, dei tilsette og dei tilsette hjå totalentreprenør Torsbygg AS den 13. juni. Elevane fekk is, medan dei vaksne vart servert grilla pølser på det vi kan kalla eit minikranselag.

- Eg gler meg litt meir enn vanleg til skulestart i august, seier Sandra Rodrigues (klasse 6b). Til skulestart i august skal prosjektet, med unntak av gymnastikksalen, vera fullført.

Nybygg gjev grunnlag for utvikling av Skogsskiftet

I strålende sol den 19. juni kunne ordførar Tom Georg Indrevik kutta ein brannslange i to og erklæra teknisk servicebygg i Skogsskiftet som offisielt opna etter at kommundirektør Johnny Breivik hadde ønskt eit 50-tals gjester velkomen. Det nye bygget og uteområdet rommar ny topp moderne brannstasjon, ny base for eigedom og drift, lagringsareal for Øygarden bustadutvikling KF og ein stor parkeringsplass for bussane administrert av det fylkeskommunale selskapet Skyss.



Vedtok revidert budsjett



Den 22. juni vedtok kommunestyret revidert budsjett. Driftsbudsjettet er auka med om lag 122,5 millionar kroner. Dei største påplussingane er innan Helse og velferd (40,5 millionar kroner) og Kultur og samfunn (31,75 millionar kroner). På det siste møtet vart det også vedteke å leggja framlegg til forskrift for utleige av små elektriske køyretøy ut på høyring. Dagen før, den 21. juni, var det også møte for kommunestyret. Då vart det vedteke å fremja sak med mål om å etablere ein omsorgsinstitusjon innan barnevernet og at kommunen skal ta imot 240 flyktingar i 2023. På talarstolen: Børge Haugetun.